

Inspirasjonsseminar

IOGT Region Midt-Norge inviterer til inspirasjonsseminar på
Scandic Parken i Ålesund, torsdag 26. oktober 2017 - kl 1400
Seminarer er også tilgjengeleg for andre interesserte



Kvifor organisasjonsbygging?

- Medlemsverving - Eigenutvikling - og det gode smilet.

På dette dagseminaret vil vi dele erfaringane våre, gje inspirasjon og "nøklar" for korleis skape eit godt organisasjonsarbeid.

Her kan du få svar på spørsmåla dine om korleis du kan takle utfordringar ein møter i arbeidet for ein rusfri livsstil.

Vi ynskjer velkomen til ein dag med påfyll av fagleg innhald!

Eldsjeler, kunnskap og nye trendar dreg alkoholpolitikken i same retning. Det nyttar å vere med og gjere ein skilnad.

Etter meir enn 20 år med auke i alkoholforbruket, skjer det endringar i drikkemønsteret blant dei yngste. Ungdom drikk mindre enn tidlegare. Fleire vel også ikkje å drikke. Den same trenden finn vi også i mange andre vestlege land. Kva er det som skjer i ungdomsmiljøa? Kva er denne utviklinga egentleg eit uttrykk for? Kva betydning kan det ha for alkoholpolitikken framover? Og kva påverknad kan dette ha for vaksne sin alkoholbruk over noko tid. Å stille disse spørsmåla er viktig. Vi kan stå andsynes eit interessant vegskille i det førebyggjande arbeidet når fleire unge menneske vel å drikke mindre eller avstå frå å bruke alkohol. Førebyggjande arbeid kan bli enklare og få større gjennomslagskraft.

På same tid har det også dei siste åra blitt aukande merksemd om alkoholen sine skadeverknader på andre enn på alkoholbrukaren sjølv [passiv drikking]. Kva skjer med barn – og ungdom som opplever at vaksne drikk for mykje. Når alkoholbruk skadar i trafikken, i heimen og på arbeidsplassen. Dette er berre nokre stikkord. Lista kan enkelt forlengast.

Korleis kan vi då bli betre til å fange opp nye trendar? Bli meir relevante og representative for alle dei som vel å drikke mindre eller avstå frå å drikke alkohol. Her ligg ei utfordring og ei motivering til innsats. Å forstå motivering som ligg bak blir viktig i alt politisk påverknadsarbeid.

Fråhaldsrørsla har alltid hatt ei viktig rolle i å førebygge skadar og problem. Gjere det enklare å ta rusfrie val. Fordi det gjer kvardagen betre for mange. Korleis då legge til rette grunnlaget og motiveringa for ein restriktiv alkoholpolitikk? Slik at fleire kan få oppleve eit liv utan rusproblem tett innpå livet. Det er vår ambisjon.

På seminaret vil vi fokusere på kva som skjer nasjonalt og internasjonalt. Kva som er det viktigaste i førebyggjande arbeid. Og sist, men ikkje minst. Finne inspirasjon saman til å halde fram arbeidet for eit samfunn med mindre rusproblem.

Eldsjelene trengs. Du er ein av dei.

Vel møtt til eit innhaldsrikt inspirasjonsseminar i Ålesund!

Foredragshaldarane:

Mina Gerhardsen:

Mina Gerhardsen er generalsekretær i Actis.

Geir Riise:

Utdanna lege, som gjennom åra har vore innom Statoil [sjefslege], NHO [avdelingsdirektør], Hjelp 24 [direktør] og Posten [HMS-direktør]. Generalsekretær i Den norske legeförening frå 2009.

Ola Honningdal Grytten:

Professor ved Institutt for samfunnsøkonomi, Seksjon for økonomisk historie ved Norges Handelshøyskole [NHH] og professor II ved Hauge School of Management [NLA].

Guttorm Hagen:

Lensmann og driftleiar for Politiet på Søre Sunnmøre.

Kjersti Toppe:

Kjersti Toppe har vore innvald på Stortinget frå Hordaland sidan 2009. Medisinsk embedseksamen fra Universitetet i Bergen frå 1992. Toppe var kommunelege II i Bremanger 1996–1997 og kommunelege II i Bergen 1999–2000.

Hanne Cecilie Widnes:

Generalsekretær i IOGT. Ivrig pådrivar og skribent.

Mina Gerhardsen



Geir Riise



Ola Honningsdal Grytten



Guttorm Hagen



Kjersti Toppe



Hanne Cecilie Widnes



Per-Arne Lillebø



Foredragstitlar:

- 1400 Opning ved seminarleiar Per-Arne Lillebø
- 1415 Ein ny trend blant dei yngste. Ungdom drikk mindre enn sine foreldre – kvifor gjer dei det? Og korleis kan det brukast i det førebyggjande arbeidet v/generalsekretær i Actis, Mina Gerhardsen
- 1445 Andre viktige nye trendar i det alkoholpolitiske ordsiftet. Når alkoholbruk blir eit problem for andre enn berre brukaren sjølv. Korleis kan det motiverer fleire til å vere med å førebygge? v/generalsekretær i Legeforeningen, Geir Riise
- 1530 Kaffipause
- 1545 Gode argument tel alltid – korleis kan det brukast i det daglege påverknadsarbeid. v/professor Ola Honningsdal Grytten
- 1615 Kva kan eg gjere for at fleire kan unngå å oppleve å få rusproblem tett innpå livet. v/Lensmann og driftseingsleiar for Politiet på Søre Sunnmøre, Guttorm Hagen

1640 Frukt- og kaffipause

1700 Fråhaldsstandpunktet er ikkje utgått på dato – like aktuelt som alltid v/stortingsrepresentant Kjersti Toppe

1730 Det er plass til fleire på laget. Kva gjer IOGT etter landsmøtet. Mobilisering lokalt og nasjonalt for ein alkoholpolitikk som samlar brei politisk støtte. v/generalsekretær i IOGT, Hanne Cecilie Widnes

1800 Avslutning og oppsummering

IOGT i Norge er ein landsomfattande, ruspolitisk organisasjon i vekst. Vi arbeider med ulike rusførebyggjande tiltak og eit omfattande sosialt arbeid, retta mot rusavhengige og mot barn og unge. Vi arbeider for å gjere det lett å ta rusfrie val i eit trygt og inkluderande samfunn.

Også i år blir inspirasjonsseminaret i vakre Ålesund.



Etter seminaret:

Festmiddag med underholdning



Per og Monica de Lange

byrja sitt musikalske samarbeid som studentar på college i England mot slutten av 60-talet. Sidan har det halde fram i snart 50 år. Gjennom åra har det vorte 6 LP/MC-produksjonar, 1CD og ein dobbel-CD med reproduksjon av tidlegare LP/CD-materiale. Dei syng høvesvis baryton og sopran, plystrar, og spelar ei rekke ulike instrument og vil halde ein konsert i samband med festmiddagen. Vi gled oss!



Knut Bergheim

Knut Bergheim er journalist og forfatter. I kveld vil han underhalde oss med eit kåseri som kallar på det gode smilet. Bli med og få ei kjekk stund saman med oss!

Vi ynskjer deg hjarteleg velkomen!

Med helsing IOGT Region Midt-Norge

Per-Arne Lillebø
Leiar

Johannes Sandstad,
Nestleiar

John Almendingen,
Styremedlem

Cecilie Dahle Torbjørnson,
Styremedlem

Øystein Dyb Hansen,
Styremedlem

Arne Sandøy
Økonomileiar

Påmelding av deltakarar frå område/lag,
seinast laurdag 30. september 2017 til Per-Arne Lillebø
per.arne.lillebo@gmail.com eller mobil 90699082

I utgangspunktet reknar ein med at det i alle høve kjem 3 personar per område og 2 personar per lag. Dersom nokre område eller lag ikkje fyller kvoten, vil vi vurdere å ta inn andre medlemmer.

Seminaret er gratis for IOGT-medlemmer i Region Midt-Norge. Andre som er med på både seminar delen og kveldsbuffet betalar kr 1.000,-. Den som deltek berre på konferansen betalar kr 400,-.

Regionen dekkjer overnatting for langvegsfarande IOGT-medlemmer. Vi reknar med at deltakarar frå Møre og Romsdal reiser heim same dag. Regionen dekkjer ikkje reiseutgifter.

